

## **Silda velforening**

6714 Silda

[www.silda.com](http://www.silda.com)

leiar. [Jo\\_tore@hotmail.com](mailto:Jo_tore@hotmail.com)

tlf. 41 32 08 92

sekr. [paul.sundnes@gmail.com](mailto:paul.sundnes@gmail.com)

tlf. 90 94 35 11

## **NOMIL**

Eidsmona 14

**6823 Sandane**

[post@nomil.no](mailto:post@nomil.no)

20.september 2018

### **Renovasjon på Silda i Vågsøy kommune - Fritidsabonnement og for fastbuande.**

Silda velforening var tidleg ute med å arbeide for renovasjonsordning på øya.

Gjennom alle år vart boss kasta på sjøen, eller i beste fall brent i fjøra..

Etter kvart fekk vi på land container til restavfall, og glasiglo kom på plass i år 2000.

Alle containerane vert frakta til lands med rutebåten Øyglimt kvar 14. dag.

Dette er ei ordning som dei fleste har sette pris på. At også nokre har misbrukt ordninga veit vi, og har prøvd å endre med opplysning på vår heimeside og Facebook. (sjå [www.silda.com](http://www.silda.com))

Lenge var det alt for få containerar, i sommarperioden. Vågsøy kommune/NOMIL oppløyste, når vi tok kontakt, at det ikkje var behov for fleire containarar i høve tal abonnentar??, men heldigvis kom det på land ein ekstra i 2017.

\*\*\*\*\*

### **Vi viser til pressemelingar sendt til alle aviser frå Grønt punkt i juni 2018**

Tar du ferie fra kildesorteringen?

Mens de fleste er flinke til å kildesortere avfallet sitt hjemme på kjøkkenet, blir det gjerne annerledes når vi reiser bort. Med noen enkle grep gjør du norgesferien mer miljøvennlig.

I Lillesand og Birkenes kan folketallet dobles og i noen tilfeller tredobles i sommermånedene. Derfor har det interkommunale renovasjonsselskapet LIBIR satt opp 64 returpunkter der hytteturister kan kildesortere glass, metall, papp og papir. I fjor tok selskapet imot 52 tonn kildesortert avfall og 260 tonn restavfall fra hytter i de to kommunene.

#### **Lag egne miljøstasjoner**

I en undersøkelse gjennomført av YouGov for Grønt Punkt Norge tidligere i år ble 700 nordmenn spurt hvordan de håndterer avfall på hytta eller landstedet. Mer enn én av tre innrømmer at de kaster alt i samme pose, uten å gjøre noe forsøk på å kildesortere avfallet først. Nesten halvparten av respondentene oppgir at de kildesorterer alt eller deler av avfallet sitt og leverer det i den lokale avfallsordningen. Én av fem tar med deler av avfallet sitt hjem og kildesorterer det der.

*Dette er del av artikkelen frå Pressenytt for Grønt Punk, ein organisasjon som vel også NOMIL kjenner og støttar.*

\*\*\*\*\*

I 2017 vart glass og metall-igloen fjerna frå Silda kai, og også frå kaien i Måløy. Denne igloen vart etterlyst av oss i telefon til NOMIL først i juli i år.

Vi fekk då opplyst at det er to renovasjonsordningar som gjeld for Silda:

**For fastbuande:** er det utlevert kjildesorteringsboksar - som på fastlandet med bilveg - men trur NOMIL at dei vil bli brukt på Silda når ingen hentar dei???

**For fritidseigedomane** vart det i 2015 bygd eit containerbud, for levering av restavfall, inkl. plast ?, papir ?, glas og metal???

I eit skriv frå NOMIL datert 13.07.15 vart vi minna om at dunkane på kaia kun skal brukast til hushaldningsavfall inkl. matavfall, papir og plast. Sidan har vi ikkje motteken nokon informasjon. Difor stiller vi oss svært undrande til at NOMIL har fjerne igloen for glas og metallavfall, (også på kaien i Måløy??).

Som betalende abonnentar har vi ikkje fått skriftleg melding om at glas og metallboksar skal kastast i restavfallet.

**Det kan vel ikkje vere NOMIL sin miljøprofil** at vi skal kaste glas og metall i restavfallet??? Glas og metall kan gjenvinnast mange gongar og er eit verdifullt råstoff, i følge informasjonskampanjar i regi av Grønt punkt.

- Som vist i pressemelding er det nasjonal plan om å redusere miljøforureininga, og få mest mogeleg av avfallet i resirkulasjon
- Kva er problemet med glascontainerane på kaia for oppsamling av flasker boksar og anna småmetal. (også fjerna i Måløy) . Kvar trur NOMIL dette søppelet vert av – ???
- Trur NOMIL at fastbuande på øya vil ta med sine oppsamlingsboksar til lands og frakte dei til næraste miljøstasjon for tøming??

Dei som har fritidseigedomar på Silda har i mange år «frivillig», seier Vågsøy kommune, betalt årsavgift og vore glade til, medan andre fordi det er «frivillig» nytter andre ordningar (kanskje også containerarne på kai).

Silda Velforeining har ved fleire høve utfordra Vågsøy kommune om å innføre tvungen renovasjonsordning for fritidseigedomane i kommunen. Dette er ei ordning som er gjennomført i svært mange kommunar i landet, men Vågsøy kommune opplyser at dette ikkje er ein del av renovasjonsordning i Vågsøy??

Vi er kjende med at NOMIL sitt styre har drøfta renovasjonsordninga på Silda (og kanskje også andre øyar utan bilveg). Styremedlem i NOMIL, som vi har vore i kontakt med, har antyda at renovasjonsordninga for Silda må opp til ny vurdering, fordi den er underfinansiert???. Dette skulle drøftast med folk på Silda sommaren 2018, utan at vi har høyrte noko meir.

Vårt forslag er:

- Få på plass att ein glas/flaske/metalcontainer /igloo – som før.
- Lag ein til ein container slik at det berre er råd å få inn flatpakka papp og papir (max 5-6 cm opning) så vil oppfyllinga i rest avfallet bli redusert
- Vi ønskjer å få tilsendt informasjon om korleis NOMIL/Vågsøy kommune ser for seg framtida, når det gjeld renovasjon frå fritidseigedomar og -båtar

**Med helsing styret i Silda velforening,** som gjerne er med å drøfter løysingsforslag frå NOMIL

Tore Johansen (leiar) sign

Paul Sundnes (sekretær) sign

Brevet vert lagt ut på [www.silda.com](http://www.silda.com), som orientering til alle medlemar